



Fire turistar frå Oslo og Bergen fekk sjå verksemdene Hjørnevåg og Friheim Gardsmat frå innsida. Bilete er frå Hjørnevåg med Harald som omvisar.

**Fire matglade turistar frå Bergen og Oslo kom til Uskedalen i haust for å vitja sin gode ven, Vidar Haugland. Målet var også å få sjå dei vidgjetne verksemdene på Musland og Børneset frå innsida. Ikkje nok med det. Det vart lunsjbord og smaksprøvar i ei heller travel førjulstid med messer og store leveransar.**

Vidar Haugland skriv:

Fire matglade turistar kom frå Bergen og Oslo på vitjing, og deira hovudmål var å sjå dei vidgjetne verksemdene på Musland og Børneset frå innsida.

Og vi fekk ikkje berre sjå. Marit og Inger serverte oss eit framifrå lunsjbord med fiskeprodukt, og vi åt og åt medan Harald og Marit fortalde oss om verksemda, frå historia og frå notida, før Harald tok oss ein spanande runde frå rom til rom og informerte om alt dei fiskegalne gjestene var interesserte i. Fantastisk.

Deretter gjekk turen til Bjørg Inga og Kurt på Friheim Gardsmat. Dei var midt i eit hektisk opplegg før ei messe, men brukte tid på oss likevel. Vi fekk på oss blå sjukehustøflar og labba rundt i produksjonsavdelinga, fekk prøvesmake ulike pølsesortar, til akkompagnement av Bjørg Inga sin informasjon om kva slags dyr som var i dei ulike pølsene.

Bergensarane hadde mage for pølse, og det gedigne fatet som var sett fram til oss, hadde berre den obligatoriske, vetle biten tilbake, då vi etterkvart kom på at Bjørg Inga hadde det travelt.

Matvareverksemdene i Uskedalen har eit framifrå rykte, eit rykte som, om mogeleg, vart styrkt etter denne dagen. Gjestene gav ein seksar til begge.

Tekst: Vidar Haugland/Kristian Bringedal

Foto: Marit Hjørnevåg

Nett: Kristian Bringedal

